



Møre og Romsdal fylke



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	10.09.2007	FM: 2007/5053/ARHD/524.0	Arnold Hoddevik, 71258154	12.10.2007

Høyring - forslag til ny forskrift om tilskot til landbruksvikarverksemd og forslag til endring av forskrift om tilskot til avløyising

Landbruks- og matdepartementet har sendt forslag til ny forskrift om landbruksvikarverksemd og forslag til endring av forskrift om tilskot til avløyising under sjukdom til høyring.

Møre og Romsdal fylke ser positivt på at landbruksvikarordninga vert overført til avløyisarlaga. Vi trur det vil betre tilgangen til avløyisarar under sjukdom, sidan avløyisarlaga har formidling av avløyisarar som si hovudoppgåve.

For å sikre ei best muleg vikarteneste, bør det stillast visse krav til laga som skal delta i ordninga. Vi er usikre på om det er rett at alle lag tek på seg ansvaret for landbruksvikarordning. Nokre lag er kan hende for små til å ha nok ressursar til å rekruttere tilstrekkeleg kapasitet og å ta på seg administreringa av landbruksvikaren. For å sikre ei best muleg vikarteneste, bør det stillast visse krav til laga som skal delta i ordninga.

Vi føreset at etablering av geografiske område for dei laga som skal delta i ordninga vil vere ein del av etableringsprosessen for ordninga. Geografiske område bør vere stabile over tid. Endring i bruksstruktur, lag som går ut av ordninga og liknande kan gje grunnlag for evaluering. Både søkjarane, laga og staten har nytte av eit langsiktig perspektiv på organiseringa av landbruksvikartenesta.

Omorganiseringa vil medføre monaleg ekstra bruk av ressursar i fylka. Det vil truleg vere formålstenleg å få i gang ein prosess med avløyisarlaga i fylket, slik at det så tidleg som mogleg vert semje om kva område dei enkelte laga skal dekke. Laga vil ha behov for ei avklaring for å berekne «tilstrekkeleg beredskap» for sitt område. Vi ønskjer å få ei god overgang til ny ordning, der alle kommunane vert omfatta av ordninga.

Med helsing

Kari Wiggen
Fylkesjordsjef

Arnold Hoddevik
Førstekonsulent